

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Anne-Beth Njærheim, V, stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Carte Blanche AS. Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne-Beth Njærheim var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Anne-Beth Njærheim gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga punkt 1, 2 og 4 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 3 vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (Frp).

Innstilling til fylkestinget

1. Avsetting på kr 5 millionar i budsjettet for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthuss.
2. Med atterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om løyving av ytterlegare kr 100 millionar fordelte på 20 år frå og med 2019. Fylkesrådmannen må koma attende til dette i budsjettframlegget for 2019.
3. Det skal stillast vilkår om at bruk og føremål ikkje vert endra. Tilskotet står fast og skal ikkje aukast for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald. Dersom investeringskostnadene vert lågare, kan tilskotet bli redusert.
4. Fylkestinget føreset at Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til tiltaket vert gjeve som direkte tilskot til investeringa. Det skal ikkje seinare løyvast auka driftstilskot til leigetakarane som indirekte dekning av investeringa. Husleige for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen må i det vidare berre bereknast på grunnlag av reelle forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader, og i samsvar med institusjonane sin faktiske bruk av lokala. Dette prinsippet må og leggest til grunn for berekning av leigekostnader til eventuelle andre brukarar.